

# Avtale

mellom

Jørgen Olsvoll som heimelshavar og eigar av gnr. 30 bnr. 2 og 4 i Meland kommune  
(grunneigar)

og

Meland kommune v/ordføreren

## **Vedrørande erverv av nødvendig areal og retter for bygging av nye Meland vassbehandlingsanlegg, vavn og avløpsleidning og utviding av Håtuftvegen.**

1. Underteikna grunneigar som også er heimelshaver til ovannemnde eigedom, overdrar hermed del av min eigedom til Meland kommune med tilhøyrande retter knytt til ovannemnde vassbehandlingsanlegg, veg m.v. så langt eigedomen blir rørt slik det følgjer av **vedlegg** til denne avtalen. Eigedomen overdras fri for pengehette og andre sjenerande hefte og så langt nødvendig for at Detaljregulering KV1133 Myrvollane til Hestdal (heretter reguleringsplanen) og dens formål kan gjennomførast.
2. Underteikna grunneigar gir ved denne avtale Meland kommune løyve til at eigedomen kan takast i bruk (forhandstiltreding) for å kunne etablere og anlegge vassbehandlingsanlegget med tilhøyrande leidningsnett og vegutviding.
3. Dessutan gjeld Skjønnsloven § 55, jfr. Tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 13. Frist for kommunen med å tiltre arealet er 12 måneder fra grunneigar sin signering av avtalen. Dersom avtalen ikkje er tiltrådt innan denne fristen faller avtalen bort.

Vederlaget (erstatninga) skal fastsettast ved avtaleskjønn, jfr. lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 1 juni 1917 nr. 1, § 4 (avtaleskjønn) som Meland kommune begjærer for Bergen tingrett. Erstatningsutmålinga skal byggje på vanlege ekspropriasjonsrettslege prinsipp.

Det skal betalast rente etter sats fastsett av retten (skjønnsretten) fra eigedomen blir tatt i bruk og fram til erstatninga blir utbetalt, samsvarende med Lov om vederlag ved oreigning av fast eigedom av 6 april 1984, nr. 17, § 10.

Meland kommune sørger for nødvendig bevissekring med sikte på evt. skjønn.

4. Om kommunen ønskjer å nytte sin rett etter denne avtale skal skjønnsbegjæring sendast til tingretten innan 12 måneder. Dette er føresett at det ligg føre tilsvarande avtale med alle dei grunneigarar som blir rørt av tiltaket. Frist for innsending av skjønnsbegjæring skal under same føresetnad uansett ikkje vere seinare enn 6 måneder etter tiltreding jfr. pkt. 3.

5. Denne avtale er for grunneigar gyldig sjølv om Meland kommune overfor andre grunneigarar innanfor reguleringsplanen må gå til oreigningssak. Meland kommune tar på den annan side då etterhald om å kunne velje å gjennomføre ordinær oreigningssak samla for alle grunneigarar og rettshavarar.
6. Grunneigar er forplikta til å bidra med avklaring av alle forhold av betydning knytt til eigedomen/rettshavarar til denne som kan ha betydning for gjennomføring av kommunen sitt erverv av areal og retter for å kunne få gjennomført reguleringsplanen.
7. Grunneigar sine kostnader til nødvendig juridisk bistand knytt til inngåing av denne avtale vil bli dekka av Meland kommune etter forhåndsgodkjenning av kostnadsoppgåve. Vidare vil Meland kommune også dekke grunneigar sine kostnader til nødvendig juridisk bistand ved evt. seinare gjennomføring av avtaleskjønn for domstolen i samsvar med Skjønnsprosesslovens § 54. Skjønnsprosesslovens § 54, 2 ledd, og at grunneigarar utan motstridande interesse må samle seg om same advokat, vil bli påberopt av Meland kommune.

Avtalen er utstedt i to eksemplar, eit til kvar av partene.

den .....

---

Meland kommune v/ordføreren

---

Jørgen Olsvoll

Personnummer: